

SAMAN PÅ VEGEN,- MED RETT TIL Å VERTE SETT OG VERDSETT

Mål, grunnlag og organisering

Hovedmål for trusopplæringa

Vi vil at alle døypte, og tilhøyrande, etter sin føresetnad skal ta del og kjenne seg verdsette i eit tenande fellesskap som vert bore og er berar av evangeliet.
Vedlegg:

- Generell trusb 14

Grunnlag og særpreg

I Hareid har vi ikkje "konkurrerende" trussamfunn. Det er ikkje etablert noko frimenigheter her, og bedehusa er i dag lite brukt. Det er ikkje lenger slik at organisasjonane samlar mykje folk til store møter og samlingar. Historisk har det vore eit veldig godt og nært samarbeid mellom kyrkja og dei ulike organisasjonane. Den organisasjonen som viser mest igjen i kommuna i dag er KFUK-KFUM, som kyrkja samarbeid med om mange ting. Slik sett vert trusopplæringa i kyrkja ein stor og viktig arena, der både dei aktuelle borna og familiene deira finn saman.

Med utgangspunkt i kyrkja sin plan GUD GIR - VI DELER, tenkjer vi oss ein stamme i trusformidlinga der kyrkja sine tilsette er tilstades og skaper og støtter frivillig engasjement og initiativ.

I Hareid har kyrkja eit veldig godt samarbeid med barnehage og skule. Det er viktig at dette vert teke i vare, og at tema som vert teke opp i dette samarbeidet sjåast i samanheng med tilbodet i trusopplæringa. Dette gjeld både kring høgtider og ellers i året. Sidan bygda har ein del arbeidsinnvandring og tilflyttarar med anna kultur og religionsbakgrunn, er dette samarbeidet viktig. Her treff vi enda fleire enn dei borna som er døypte inn i vår kyrkje og kan knyte kontakter også med desse.

Som døypte er born og unge medaktørar i kyrkjelyden. Det skal vere fokus på å finne praktiske oppgåver for alle slik at heile kyrkjelyden får eit eigarskap til trusopplæring og gudsteneste. Ulike arbeidsformer skal fremje eigeverd,tilhøyring og deltaking. Dette inneber å lage trygge rutinar for kontakt, utveksling og oppbevaring av informasjon, at ein tidleg samarbeidar med føresette om korrigering og tilrettelegging av samvær og samlingar. At ein

reflekterer saman i staben kring behov for hjelpemiddel og utarbeiding av individuelle planar, og at ein gjer naudsynte korrigeringar undervegs. Ved fokus på å gi plass, i staden for å skulle nokon plass får kyrkjelyden ro til sitt oppdrag: Å gi rom for Kristus og kvarandre i staden for å vere opptatt av aktivitet, underhaldning og prestasjon

Organisering, rammer og ansvar

Soknerådet vedtek planen for trusopplæring og er ansvarleg for at det konkretet årshjulet vert lagt. Dei tilsette vil med utgangspunkt i kyrkja sin plan for trusopplæring, vere ansvarlege for den lokale plan sitt innhald, metodikk, gjennomføring samt diakonale, kulturelle og kyrkjemusikalske oppgåver. Dette fordrar vilje til samarbeid mellom tilsette av ulike arbeidsgjevarar i kyrkja, frivillige og barnas primæransvarlege; foreldre/føresette.

Ved kvar semesterstart brukar dei involverte tilsette i trusopplæringa tid på å gå gjennom halvårsplanen og fordele oppgåver seg imellom. Førsette for døypte/tilhøyrande medlemmer skal i tilsendt brosjyre med informasjon om innhald, få høve til å melde behov for tilrettelegging og ynskje om å bidra i ulike oppgåver.

Vi sender også kalender/halvårsplan til ulike lag og organisasjonar, skule/barnehage og ei gruppe forbedarar, med oversikt over dei ulike tilboda for born og unge i kyrkjelyden. Vår plan gir tilbud til alle faser, 0-18 år. 24 ulike tiltak som gir enkelte faser tilbud to gongar pr.år.

Sentrale dimensjoner

Samvirke med heimen og familien

Foreldre/føresette har hovudansvar for opplæring, derfor er det viktig for oss å ha god kontakt med heimen. Dette prøvar vi halde vedlike frå dåpssamtalen og gjennom dei ulike tiltaka oppover i alder. Mange av tiltaka treng fleire hjelparar og vi utfordrar foreldre til å vere med nokre timar kvar, heilt opp til konfirmasjonsalder. Dette kan vere som postmannskap, samtalegruppe, kakebakar, leiar på leir, sjåfør osv.

Medverknad frå barn og unge

Som døypte er born og unge medaktørar og ikkje statistar. Ulike arbeidsformer i tiltaka er viktig slik at alle, kvar med sine evner og anlegg kan ta del. For å greie

det må vi lytte til dei ulike aldersgruppene og fange opp interessene deira. Vi reviderer undervisninga og tilpassar innhaldet for deltakarane i tiltaka med jamne mellomrom. Tenåringar og ungdomar utfordrar vi til å vere med som hjelparar til yngre grupper, det vere seg på leir eller samlingar på kveld eller helg.

Inkludering og tilrettelegging

Vi meiner at alle har rett til ein plass dei kan kalle sin og ei oppgåve som er tilpassa evner og fysisk og intellektuelt funksjonsnivå. Vi ser det som viktig at dette momentet er med som grunnlag når dei ulike tilbod arbeidast fram og ikkje berre at ein i etterkant skal sjå kva som er mogeleg å tilpasse. Ein konsekvens av dette er kyrkjelyden i alle samvær har tilbod om ein fast assistent som kan akkumulere erfaring og ta i vare reglane rundt oppbevaring av sensitiv informasjon. På alle invitasjonar vert det spurt om behov for tilrettelegging. Etter avtale med føresette er vi involvert i ansvarsgrupper og spesialopplegg og lagar individuelle undervisningsplanar.

Gudsteneste

Kjennskap til og deltaking i gudstenesta er bærande element. Mange av tiltaka i planen har gudsteneste som ein del av opplegget. Derfor vert borna opplært i liturgien frå dei er ganske små. Dei er medliturgar, med ulike oppgåver, kvar på sitt nivå, og vi utfordrar foreldra til å vere medliturgar saman med dei. Slik bygger vi kyrkjelydsfellesskap og ser at gudstenestene vert ulike og byggjer ned terskelen for deltaking. Trusopplæringa er organisert med tanke på å eige det gudstenestelege rom gjennom aktiv handling og relatere dette til frimodig deltaking i samfunnslivet. Kyrkjeromet skal vere eit rom der vi øver på å møtast og øver på samhandling. Eit rom der den einskilde får oppleve skaparglede og teneste. Eit "kan-rom" og ikkje eit "må-rom".

Diakoni

Vi arbeider for at alle skal bli sett og verdsett, møtt med heile seg og gitt oppgåver utifrå sine forutsetningar. Alle kan og alle har noko å dele. Dette går igjen i metodikken i dei ulike samværa. Alle kan gjere litt, derfor leitar vi etter og utfordrar til "det eine" både når det gjeld gudstenester og andre samvær. I kyrkjelyden sin diakoniplan er trusopplæringa knytt spesifikt inn med den årlige

Fasteaksjonen som konfirmantane har hovduansvar for. Vi samarbeider også med diakoniutvalet når det gjeld internasjonalt Hausstakkefestmåltid.

Misjon

Kyrkjelyden har eit misjonsprosjekt i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap. Vi arbeider for "barn og utdanning" i Thailand. Vi underviser konkret om misjon i fleire tiltak; 8, 10, 12 og konfirmant. Her har vi fokus på ansvaret vårt for å dele med dei som ikkje har det så godt som oss, åndeleg og sosialt. Borna er aktiv med i innsamlingsarbeidet kvar i sitt tiltak. Middag og Misjon er eit stort arrangement i samarbeid med misjonsutvalet og konkret knytt til 10 åringane. Dåp og misjonsbefalinga ligg, naturleg nok, under alt vi gjer, men vert mest tydeleg i samlingane for 10 åringane.

Vedlegg:

- [MM_plakat.pdf](#)

Musikk og kultur

Vi ser det som naturleg at born og unge bidrar i kulturelle og kyrkjemusikalske oppgåver. Mange av tiltaka har mykje song og musikk, enkelte tiltak har dette som hovudfokus, då i samarbeid med Mini og barnekantoriet. Vi har laga ein plan for salmar og songar tilpassa dei ulike tiltaka, alder og innhald. Vi arbeider for å bruke lokale forfattarar og at vi skal ha eit tydeleg nynorsk preg. Når det gjeld kunst brukar vi det vi har synleg i kyrkjeromet i mange av tiltaka. Det vere seg albertvla, glasmaleria og utsmykking elles. Borna kan leite og lære, undre seg over det dei ser og leite etter historiene i Bibelen. I nokre av tiltaka har vi lagt opp til at borna kan utfalde sitt eige kunstneriske mangfald med teikning og forming av ulikt slag. Når vi har gudsteneste i krinsane inviterer vi med dei aktuelle skulekorpsa eller kora, til å ta del.

Vedlegg:

- [Songar og årstrinn.docx](#)

Frivillig medarbeiderskap

Vi ser det viktig at dei lønna medarbeidarane er ansvarlige og garantistar for grunnstammen i trusopplæringa når det gjeld innhald, pedagogikk, metodikk og gjennomføring. Dei må vere ansvarlege for oppfølging av ulønna medarbeidarar og at det vert sett av tid til naudsynt oppdatering. Vi utfordrar både ungdom og

foreldre til å vere medhjelparar og rettleiar dei undervegs. I enkelte tilfeller inviterer vi til samlingar i forkant.

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

I Hareid er det KFUK-KFUM som er den mest aktive barne og ungdomsorganisasjonen. Det er tradisjon for at speidarane er medliturgar og set sitt preg på gudstenesta 1.søndag i advent. I samarbeid med KFUK-KFUM Hareid har vi tilsett ein ungdomsarbeidar i ei delt stilling som er med i nokre av tiltaka. Når det er gudsteneste på bedehusa i krinsane, inviterer vi med aktuelle speidargrupper, skulekorps, søndagsskule, barnekor.

Tverrfagleg samarbeid

Dei tilsette vil med utgangspunkt i kyrkja sin plan for trusopplæring, vere ansvarlege for den lokale plan sitt innhald, metodikk og gjennomføring og for kva diakonale, kulturelle og kyrkjemusikalske oppgåver born og unge går inn i. Mange av tiltaka har fleire tilsette med, som kvar har ansvar for sitt fagfelt. Vi planlegg og gjennomfører gudstenester, leirar, kvelds og helgesamlingar saman.

Kommunikasjonsarbeid

Det er laga ei brosjyre som presenterer kyrkjelyden sine tilbod for dei ulike alderstrinn. Denne brosjyren vil verte udelt og gjennomgått ved førebuingssamtalen til dåp. Alle medlemmer/tilhøyrande med føresette får personleg invitasjon, brosjyre for det aktuelle tiltak, i posten. Her vert tidspunkt, opplegg og innhaldet for samværa presentert. Tilboda vert samstundes omtala på kyrkjelyden si eiga kyrkjeside i lokalavisa, kyrkja si nett og facebookside. Vi brukar aktivt facebookside til kommunikasjon med både foreldre og ungdom. Kvart halvår vert det sendt ut ein kalender med oversikt over dei ulike tilbod for born og unge i kyrkjelyden. Den inneheld òg opplysningar om samarbeidet kyrkja har med barnehage og skule.

Vedlegg:

- Generell trusb 141



0 år Gyngje like gran...

Babysang i Hareid kyrkje. Tilbod særleg for 0-1 år med ein eller fleire foreldre/føresette. Samling med sang, leik og matpakke.

1 år Dan fyrste song

Samling i kyrkja vår eller haust der ein markerer 1-års dåpsdag. Utdeling av spisebrikke med teikning av kyrkja.

1-6 år Alle, alle vi vi ha med
Felles middag, song og leik i kyrkja for familier.

2 år Eg føddar mine hender små

Samling i kyrkja vår eller haust der ein markerer 2-års dåpsdag. Utdeling av bilete med kveldsbøn.

3 år Lytt, leik og lær

Borna vil få tilsendt dåpshelsing i posten som markering av 3 års dåpsdag. Vedlagt CD med fortelling, klistermerker osv.

4 år Heime i kyrkja

Samlingar i kyrkja der ein vert kjent med kyrkjerom og orgel og førebur seg på utdeling av 4-årsbok under ei gudsteneste.



5 år Jesus har stått opp! Hurra!

Samling i palmehelga for borna med sine faddera og/el. foreldre. Påskevandring og forming, sang, drama laurdag og deltaking på gudstjenesta palmesøndag.

6 år Eg høyrer Jesus til

Dåpskule om våren. Samlingar på ettermiddagstid, ei laurdags-samling og ei familiegudsteneste med bokutdeling.



7 år Kong David og vi

Borna møtest på Holesanden til eit døgn på leir. Vi lærer om David frå GT som vart konge. Gudsteneste på Alskleiva søndag saman med Juniorkonfirmanthane.

8 år - Vår Tårnagenteleg

Borna er hemmelege agentar på oppdrag i kyrkja. Dei utforskar kyrkja, kyrkje-tårnet og deltek på gudsteneste søndag der dei framfører songen dei har lært.

8 år - Haust Guds gåver

Samlingar om hausten der vi lærer om Skaparen og det skapte og korleis vi på ein god måte ta vare på skaparverket og kvarandre. Vi avsluttar med kefest i kyrkja.

9 år Perler i kronsen

Leirdøgn på Kjeldsund med Kristuskransen som tema. Alle samlingane har si perle og alle perler sin eigen song. Vilekar, syng og brukar uteområdet.

10 år - Vår Gud kjem til oss

Utdeling av Bibelen ved ei gudsteneste, kurs, i samarbeid med skulen der ein lærer historia med teikn, og samlingar der ein lærer å bruke Bibelen, før vi avsluttar med ei felles gudsteneste.

10 år - Haust Misjon

Samlingar der vi på ulike måtar lærer om misjon, førebur og tek del på Barnas misjonsdag. Misjon er å dele, og vi har alle mykje å dele av. Korleis kan vi lære å giere dette?



På



kan

Haustrak-

11 år - Vår Køde B

Samlingar i fastetida der vi lærer om den gamle og nye pakt. Film, dans, drama er deler av innhaldet. Førebur Karnevalsgudsteneste.

11 år - Haust i Guds omsorg

Samlingar med film, mat, song og historier.

12 år Juniorkonfirmant

Samlingar inne og ute, vår og haust det året ein fyller tolv år. Vi overnattar i kyrkja helga før påske og pyntar litt til høgtida.

13 år Gled dykk alihndi

Leirdøgn på Kjeldsund med aktivitetar ute og inne. Glede over kvarandre og det å høyre til ein stad er fokus.

14-15 år Konfirmant

Samlingar frå august til mai der ein får repetere og reflektere, øve seg på å ta ansvar i gudsteneste og kyrkjeiyd og kjenne at ein er verdssett og til nytte.

15 år Etter konfirmasjonen

Vi møtes til tre kveldar i kyrkja; filmkveld, gudsteneste og kviss, med mat sjølvsagt.

16 år Når eg så skal ut i verda

Vi møtes til grillparty på Kjeldsund, minnar om konfirmanntida og repeterer nokre bibelhistorier.

17 år På eiga hand, men aldri alene

Pilgrimsvandring i nærområdet. Vi går saman, tenner bål, les historier, og deler nativerden ved målet i kyrkja.

18 år Min draum og mit liv

Vi feitar med god mat, prat og opnar brevet til oss sjølve.





Velkomen til dåp og trusopplæring



Gratulerer som foreldre!

Ved døypefonten gjev kyrkja eit løfte om å støtte borna på trusvegen. Dette gjer vi ved å tilby undervisning på ulike alderstrinn.

Tidlegare var det skulen og frivillige som sto for opplæring saman med foreldre og faddrar, og kyrkja gav den siste oppfølginga med konfirmasjonen.

Skulen skal framleis gi kunnskap om vår kristne arv og tradisjon, men har ikkje lenger ansvar som trusformidlar. Foreldre og faddrar er barnet sine medvandrarar og vesarar på trusvegen. No er det kyrkja som skal gje eit systematisk tilbod for alle fram til dei er 18 år. Staten har løyvd pengar til at dette no skal innførast i heile landet.

Denne brosjyra presenterer kort kva tilbod vi har i Hareid. Når tida for undervisning er der, vil kvar enkelt få invitasjon med skriftleg informasjon om tilbodet.

Hareid kyrkjelyd ynskjer å legge til rette for at alle kan vere delaktige og kjenne seg verdsette. Borna kan ha ulike behov for tilrettelegging. Er det noko vi må ta særskilt omsyn til for at barnet dykkar skal ha best mogleg utbytte av samlingane, ber vi om at de tek kontakt med kyrkjekontoret.

Helsing Hareid kyrkjelyd

tru



“Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.”

Matteus 28,20

kjærløik

håp



Trusopplæring i HAREID KYRKJELYD

Saman på veggen Med rett til å verte sett og verdsett



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid bygd

Postboks 48, 6069 Hareid
Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



www.kyrkja.no/storstavalt